



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 21.03.22 – kl 18:00

Stad: Banken

Innkalla: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke og Randi Legård.

Forfall:

Andre til stades på møte: 1 innanbygdsbuande

Referent og sakshandsamar: Tor Helge

Saker til styremøtet

Sak 11/22: Meldingssaker

Sak 12/22: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 13/22: Innkjøp «marknadslavvo»

Sak 14/22: Høring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2022

Sak 15/22: Varsel om oppstart - Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda

Sak 16/22: Reduksjon av unødig aktivitet i fjellet pga villrein

Sak 17/22: Fiskekultiveringstiltak

Sak 18/22: Avklaring – forvaltning av Breifonn statsallmenning

Sak 19/22: Oppdatering og godkjenning vald – Setesdalen Ryfylke

Sak 20/22: Oppsummering av småviltjakt

Sak 21/22: Organisering av søknad til reinsløyver 2022

Sak 11/22: Meldingssaker

Saksutgreiing:

- 2022.02.01 INN – Brev DNT_ tiltak Hardangervidda 2022_ 1.feb 2022
- 2022.02.02 INN – Ullensvang FS - Endring i pris på fellesfiskekortet?
- 2022.02.03 INN – Hardangervidda villreinutval - Info regional plan Hardangervidda
- 2022.02.04 INN – Statskog - Sluttutbetaling for restaurering av fjellstyrehytte
- 2022.02.04 INN – Saksutskrift møte HVN 01.02.2022 - Uttalelse byggesak Ninive - Røldal fjellstyre
- 2022.02.05 UT – TUV - Forslag til justeringar på yttermål - uthus Ninive

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

- 2022.02.09 INN – TUV - Melding om vedtak etter verneforskrift for Hardangervidda nasjonalpark på søknad om nytt uthus til fjellstyre hytta Ninive i Røldal statsallmenning.
- 2022.02.10 INN – HFAs - Dokumentasjon på internkontroll brannvern 2021 m.m.
- 2022.02.13 UT – Olav Hagen - Akseptert pristilbod uthus Ninive
- 2022.02.13 TIL – Grunneigarfondet - revidert søknad om tilskot uthus Ninive
- 2022.02.14 INN – Statskog - Varsel om oppstart - Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda
- 2022.02.18 UT – TUV - Løyve til bruk av påhengsmotor - Holmavatnet
- 2022.02.21 INN – HVU - Høring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2022
- 2022.02.22 INN GPS-merking av villrein, elg og hjort i 2022 - Kunngjøring til distribusjon
- 2022.02.23 INN – LYSE - Støtte til renovering av fjellstyrehytter Røldal Statsallmenning
- 2022.02.25 UT – Ullensvang kommune - Oppmodning om oppheving av lokal forskrift frå Røldal og Ullensvang FS
- 2022.02.28 TIL – Sparebankstiftinga Hardanger - Søknad støtte
- 2022.03.01 INN – Invitasjon villreinmøte 2 april
- 2022.03.01 INN – Oppdatering og godkjenning av vald, Setesdal Ryfylke villreinområde. Utkast til saksframlegg for gjennomsyn og innspel
- 2022.03.02 INN – NFS - Villreinkort og overgangsavtaler
- 2022.03.02 UT – NFS - SV: Villreinkort og overgangsavtaler
- 2022.03.03 INN – NFS - Villkår for søknad om jakt hos fjellstyrene
- 2022.03.04 INN – Miljødirektoratet – Håndtering av skrantesyke – 2022
- 2022.03.04 INN – HVU - Referat fra informasjonsmøte 02.03. om bruk av salt til beitedyr i Hardangervidda-sonen 2022
- 2022.03.07 INN – HVU - Innkalling årsmøte villreinutvalet 1 april
- 2022.03.11 UT – Ullensvang FS - Avklaring forvaltning Breifonn SA
- 2022.03.11 UT – Suldal FS - Avklaring forvaltning Breifonn SA

Tor Helge gjer merksam på at Ullensvang FS si møtebok frå møtet deira 22.02.2022, visar referatet frå møtet der han deltok.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Følgjande har skjedd siste veka:

- 2202.03.15 UT Røldal Bygdalag - Aksjer i Røldal Grendahus

Vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande.

Sak 12/22: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

2022.02.28 TIL Sparebankstiftinga Hardanger - Søknad støtte

2022.02.23 INN LYSE - Støtte til renovering av fjellstyrehytter Røldal Statsallmenning

Saksutgreiing (THHT):

- Angående årsmeldinga 2021 – Tor Helge la inn ei ekstra linje om rekrutteringstiltaket i etterkant.
- Tor Helge er i gong å søkja støtte meir støtte til uthuset. Fekk kr 50 000 i støtte av Lyse.
- Fjellstyret bør ta stilling til nokre av innspela frå allmannamøtet snarast. Tor Helge foreslår å sjekke ut om det er interesse for eit «midlertidig» engasjement i Ståvassvikja blant bygdafolket når noverande leigekontrakt går ut.
- Andre tankar/innspele etter allmannamøtet?

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret sjekker om det er interesse for å leige Ståvassvikja blant bygdafolket.

Referat:

Tor Helge gløymte følgjande i innkallinga:

- Sjølvne snikkeringsarbeidet på uthuset på Ninive vert utsett til vinter 2023. Målet i år vert i staden å gjere klart grunnarbeidet og støype pilarar. Må vurdere å kjøpe inn graveutstyr.
- Løysing for kjøkken Ninive er vurdert. Har gamalt på lager. Tor Helge meiner det er best å kjøpe heilt nytt. Forventa utgift mellom 15 000 og 20 000 kr. Kjøkkenprosjektet, og gasskomfyr, vert utsett til uthuset er klart. – Einigheit om å gå for nytt kjøkken.
- Treng formsydde madrasser til nye senger på Ninive. Har berre kontakta leverandør med best tilbod i fjor. Dei kjem med omtrentleg pris på kr 12 000 for 4 madrasser.
- Avtale med Skjold Beitelag for lån av hytta i fjor – lovde me dei laken? Håkon sjekkar opp i dette, og ordnar opp i eventuell uteståande gjeld.
- Fjellstyret må ta stilling til om ein skal oppgradere solcelleanlegget i Gamlabua tilsvarande det på Ninive. Kostnad om lag kr 25 000.
- Bensinprisen har auka betrakteleg. Må vurdere å auke betaling til Røde Kors og dugnadsfolk for transport.
 - o Statens reiseregulativ er auka til kr 10/km for snøscooter.
 - o Inntil kr 250 kr kost per person per døgn
 - o Røde Kors får kr 4000 i 2022.
- Sjøppeldunkane er kome heim.
- Ein pose med koppahandkle og liknande.

Vedtak:

- Fjellstyret kompenserer transport etter statens reiseregulativ - kr 10/km for snøscooter.
- Dugnadspersonell får inntil kr 250 kr til kost per person per døgn
- Røde Kors får kr 4000 for transportoppdraget i 2022.
- Fjellstyret oppgraderer solcellepanelet i Gamlabua tilsvarande det på Ninive.
- Fjellstyret kjøper nye madrasser til Ninive frå same leverandør som i fjor.
- Fjellstyret kjøper inn naudsynt utstyr til grunnarbeidet til uthuset på Ninive.

Sak 13/22: Innkjøp «marknadslavvo»

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Tor Helge har sjekka opp i alternative løysingar. Når det gjeld lavvo, visar det seg at det berre er to forskjellige aktuelle leverandørar i Norge. Begge dei kan tilby forskjellige alternativ. Tor Helge har vore i dialog med dei, presentert våre behov, og fått seljerane sine synspunkt på kva som er deira mest «passande» produkt.

Kort oppsummert:

- Tentipi Circus 40 pro/ confort til kr 99 375 inkl mva og frakt. (Kan ikkje leverast før i september.) Lavvoen er 8.25m i diameter. Er berekna til å ta ofte opp og ned, kan monterast forsvarleg på asfalt. Monteringstid er ca. 50 minuttar for to personar. Lengden på trestengene er 6.5 meter lange. Stengene gjere at Vf å dra en stropp over kronen i toppen, og ned i 2 eller 4 betongvektar a 300 kg, tåler lavvoen fra 15 - 35 sekundmeter ut i fra hvilke åpningar som er åpne og hvor vinden kommer fra. Ved 1500 kg vektar vll lavvoen tåle fra 28 sekundmeter.
- Alternativ er base duk og pro stangsats til kr 87 750 inkl mva og frakt.
- Arctic Lavvo AS - VENOR LAVVO 25-30 til kr 57 000 inkl mva og frakt. Lavvoen er truleg 7.3m i diameter. Er spesialsydd, difor usikker kor enkel den er å slå opp og ned. Kjenner ikkje til om den kan monterast forsvarleg på asfalt. Tredelte aluminiumstenger på totalt 5.5 meter.

Oppbevaring er eit problem for fjellstyret. Tor Helge har sjekka litt rundt. Får truleg lage til vegghengt oppbevaring til teltstengene i kommunal garasje. (Lengden på garasjen er 7.7 meter. Fjellstyret må ordne veggfester o.l.)

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret går til innkjøp av Tentipi Circus 40 Lavvo med base duk og pro stangsats til kr. 63.800,- eks mva. (+ kr 6400 i frakt).

Fjellstyret takkar ja til oppbevaringsstad i kommunal garasje. Xxxx får ansvar for å lage til skikkelege veggfester til teltstengene.

Referat:

Det viste seg utfordrande å få tak i lavvo, då dei var særst etterspurde. Fjellstyret fekk ein to-dagars frist på å kjøpe inn dette på. Tor Helge var i kontakt med styret per telefon, og fekk fullmakt til å kjøpe Tentipi Circus 40 Lavvo med base duk og pro stangsats til kr. 63.800,- eks mva. (+ kr 6400 i frakt).

Ein må lage til permanent feste i garasjen. Forsøkje å slå den opp før marknaden? Kva med lodd?

Vedtak:

Fjellstyret kjøper ein Tentipi Circus 40 Lavvo med base duk og pro stangsats til kr. 63.800,- eks mva. (+ kr 6400 i frakt).

Håkon lagar til og monterer veggfester til lavvoen i garasjen.

Samrøystes.

Sak 14/22: Høring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2022**Saksdokument:**

2022.02.21 INN HVU - Høring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2022

Saksutgreiing:

Fjellstyret må vurdere forslaget til villreinkvote og tiltaka føreslått for villreinjakta på Hardangervidda 2022. Høyringsfrist er 25. mars.

Framlegg til vedtak:

Under er høyringssvar foreslått av Tor Helge. Denne er i all hovudsak basert på tilbakemeldingar/erfaringar frå fjorårets jakt. Samt noko symbolpolitikk... Dette må diskuterast gjennom grundigare.

Høringssvar – villreinkvote Hardangervidda høsten 2022

1. I mangel av vedtatte bestandsmål har villreinutvalet fastsatt bestandsmål som utgangspunkt for årets kvotevurdering. Er du, med utgangspunkt i dagens situasjon, enig i at det tas utgangspunkt i følgende mål:

- | | | |
|---|--|------------------------------|
| a) kalvetilvekst på 1.500 kalv | Ja <input checked="" type="checkbox"/> | Nei <input type="checkbox"/> |
| b) minst 4.500 dyr før kalving | Ja <input checked="" type="checkbox"/> | Nei <input type="checkbox"/> |
| c) redusere andel bukk 3,5+ ned til 0 – 3% etter jakt | Ja <input checked="" type="checkbox"/> | Nei <input type="checkbox"/> |

2. Jeg støtter villreinutvalets forslag til kvote (antall kort og fordeling korttype): Ja Nei

3. Dersom du ikke støtter utvalets forslag til kvote, angi ønsket kvote her:

Kvotestørrelse: 5000 kort

%-fordeling korttype: ___ valgfritt dyr, 50% bukkekort, 50% antall SU og 0% kalv
(med bukkekort menes kort der det kun kan felles bukk 2,5 år og eldre)

Bør kalv inkluderes i voksendyrkorta? Ja Nei

4. Jeg støtter forslaget om utvidet jakttid i perioden 10/8 – 19/8: Ja Nei

5. Jakttiden bør kunne utvides i perioden 1 – 7/10 dersom få dyr er felt: Ja Nei

7. Bør posisjonen til gps-merkede dyr / www.dyreposisjoner.no være tilgjengelig for jegerne med ett døgn forsinkelse: Ja Nei
8. Bør myndighetene bistå økonomisk til utfrakt av felte dyr med fly/helikopter: Ja Nei
9. Bør det innføres et økonomisk tilskudd til jegere som leverer inn cwd-prøver og kjeve fra Felt voksen bukk? Ja Nei

Kommentar:

- Punkt 3: Røldal fjellstyre (HA280) kan ikkje, av prinsipielle årsakar, støtte ei kvoteinnstilling som strir mot all sunn fornuft. Fjellstyret er ueinig i mykje av myndigheitene si handtering av CWD-situasjonen på Hardangervidda. Primært ynskjer Røldal fjellstyre at villreinstamma på Hardangervidda skal verte større. Når ein likevel skal auke fellinga, er Røldal Fjellstyre likevel skeptisk til ein høg kvote, då konsekvensane av dette i verste fall verkar mot si hensikt. Stor kvote vil nødvendigvis føre til fleire jegerar i kvart vald, og truleg difor mindre samarbeid mellom jaktvalda. Meir samarbeid mellom jaktvalda, og færre administrative jaktgrenser å forhalde seg til, vil utan tvil påverke fellingstala positivt.
Fjellstyret ynskjer likevel å understreke at det er viktig at ein står samla i lokal forvaltning, og vil soleis likevel støtte den endelege avgjersla frå Villreinutvalet lojalt. Fjellstyret ynskjer i same omgong å takke for innsatsen som vert lagt ned for villreinen frå alle i villreinutvalet.
- Punkt 4: Tidleg jaktstart, i potensielt varmt sommarvêr, kan vera ei stor belastning på villreinstamma. Ein bør difor vurdere alternativ til dette. Kan ein til dømes, i ein så ekstraordinær situasjon, få aksept blant jegerane for å skyte bukk seinare enn normalt? (Med dei følgjende det kan få?)
- Punkt 5: Fjellstyret ynskjer å understreke viktigheita av at ein får klare mål, i god tid før jaktstart, på kva som er «for få dyr felt». Dette er særst viktig for å forankre vedtaka lokalt. Mislukkas ein her, så kan dette føre til lunken innsats frå lokale.
Fjellstyret ynskjer vidare at ein vurderer moglegheita til å setje denne datoen til dømes 20. september. Dette for å sende eit tydeleg signal om at det fyrst og fremst bukk som skal skytast. (Fjellstyret foreslår dette p.g.a. den symbolske/pedagogiske effekten, og anser det som lite truleg at ein har fellingstal som tilfredstillar myndigheitene innan dette. Ein må i så tilfelle utvide jakta som foreslått for å imøtekomme krava så langt det lar seg gjera.)
- Punkt 7: Ein bør vurdere om det er noko poeng med forseinkinga i det heile. Fjellstyret oppmodar til å gjere dataa tilgjengeleg så snart som råd.
- Fjellstyret ynskjer å understreke at ein bør vera forsiktig å fremme ei anbefaling frå villreinutvalet om at valda bør inngå samjaktavtalar. Då utvalet, som består av representantar både frå fjellstyra og private grunneigarar, går inn for dette, fryktar fjellstyret for korleis dette vil sjå ut for utanforståande om dette ikkje vert fylgt opp. Røldal fjellstyre ynskjer å understreka at ein er svært positiv til samjaktavtalar.

Referat:

Anne Marie hadde permisjon under handsaming av saka. Fjellstyret gjekk gjennom kvart punkt i høyringa, og diskuterte kvar enkelt svar, med tilhøyrande kommentarar.

Vedtak:

Høyringsvaret vart vedtatt som presentert i framlegget til vedtak. Vedtaket var samrøystes, med unntak av 1c).

Ja på spørsmål 1c) vart vedtatt med 2 stemmer for (Botnen, Tjemsland), og 1 stemma mot (Småbrekke). Legård stemte blankt.

Sak 15/22: Varsel om oppstart - Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda**Saksdokument:**

2021.09.25 Røldal Fjellstyre - Innspel til plan for ferdselsårer

2022.02.14 INN Statskog - Varsel om oppstart - Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda

2022.03.22 UT – Innspill til program for felles sti- og løypeplan Hardangervidda

Saksutgreiing:

Fjellstyret fekk tilsendt varsel om oppstart av arbeidet med felles sti- og løypeplan for Hardangervidda av Statskog. Beskjeden frå Statskog var at kvart enkelt fjellstyre skriv eigen uttale om ynskjeleg.

Frå varselet:

Formålet med felles sti- og løypeplan er å betre villreinens mulighet til å benytte de ulike funksjonsområdene (sommer-, vinter- og kalvingsområder) innenfor leveområdet, og mulighet til trekk innad og mellom funksjonsområdene.

Planen skal foreslå tiltak som kan redusere negative effekter av menneskelig ferdsel på villreinens arealbruk og trekkmuligheter. Innenfor rammene av hva som er forsvarlig av hensyn til villrein, kan det legges til rette for reiseliv og friluftsliv.

Formålet med dette varselet er å gi god informasjon om prosessen tidlig i arbeidet slik at de som har rettigheter og interesser knyttet til Hardangervidda kan være med på å medvirke til planen.

Leiar meiner det er naturleg at fjellstyret gjev eit høyringssvar på dette, kor aktuelle problemstillingar knytt til Røldal statsallmenning, og då spesielt Haukelifjell, vert belyst. Fjellstyret må ta stilling til om dei delar denne oppfatninga. Leiar har utforma eit førebels forslag til høyringsuttale.

Høyringsfristen er 01.04.2022

Framlegg til vedtak:

Framlegg til uttale vedlagt møteinnkallinga.

Referat:

Kort diskusjon rundt vedlagt uttale. Fjellstyret stilte seg bak denne.

Vedtak:

Fjellstyret sender uttale vedlagt møteinnkallinga.

Samrøystes.

Sak 16/22: Reduksjon av unødig aktivitet i fjellet p.g.a. villrein**Saksdokument:**

2022.02.01 INN DNT_tiltak Hardangervidda 2022_ 1.feb 2022

Saksutgreiing:

Det vert peika på at villreinen på Hardangervidda er pressa p.g.a. menneskeleg aktivitet. Fotråde og mogleg skrantesjuke er teikn på at stamma treng heile vidda og ikkje vert klumpa saman sør for Kvenna. Frå ein samla forvaltning er det oppmoda til «dugnad» med tiltak for å redusera unødig aktivitet som kan uroa villreinen og redusera reinen sin moglegheit til arealbruk.

For å bidra til at villreinen får ro i en sårbar periode og kan ta i bruk et større område til beiting og kalving, har Den Norske Turistforening vedtatt å stenge sine hytter på Hardangervidda for overnatting i kalvingsperioden fom. 1. mai tom. 10. juni 2022. Dette gjeld i området sør for Rv 7 og nord for E 134. I tillegg vil hyttene være stengt for overnatting i perioden fom. 15. oktober 2022 tom. 1. mars 2023.

Av dei aktuelle DNT hyttene, så er det Hedlevassbu, Litlos og Middalsbu som er mest aktuelle for Røldal Fjellstyre.

Fjellstyra har til no gjort følgjande vedtak:

- Eidfjord FS - 22/006 - Vedtak: «*Eidfjord fjellstyre har av omsyn til villreinen vedteke å stenga fjellstyrehyttene sør for Rv7 for fritidsbruk med umiddelbar verknad. Stenginga gjeld fram til sumarsesongen.*»
- Øvre Numedal FS - Sak 30/21 - Vedtak: «*Øvre Numedal Fjellstyre åpner ikke for vinterjakt på rype vinteren 2022. Fjellstyrets hytter stenges for utleie vinteren 2022. Vedtaket begrunnes med et ønske om å begrense ferdselen i fjellet i vinter med hensyn til villrein. Fjellstyret ønsker å bidra til en felles dugnad på Hardangervidda for å gi villreinen ro og bedre villreinens arealbruk.*»

Fjellstyrehyttene til Røldal Fjellstyre har svært avgrensa, om nokon, bruk i dei aktuelle periodane. Leiar kan difor ikkje sjå at «unødig ferdsel» i samband med fjellstyrehyttene er eit problem. Fjellstyret må berekna noko auka aktivitet dei neste åra i samband med renoveringsarbeidet, men leiar vurderer heller ikkje dette til å vera problematisk, då fjorårets varslingsystem frå

Tilsynsutvalet, og den kontinuerlege overvakinga av «villreinen», gjer at ein kan tilpassa denne aktiviteten til periodar då fjellområdet ikkje er nytta av villreinen.

Leiar vurderer det soleis at eit tilsvarande vedtak frå Røldal fjellstyre berre vil vera av symbolsk art. Fjellstyre bør soleis også sterkt vurdere å bidra til den felles dugnaden. Leiar kan heller ikkje sjå at det er rett at fjellstyre skal tillate utleige av sine hytter, når «naboen» DNT, stengjer sine.

Røldal Fjellstyre mottok, saman med som har eit gyldig motorferdselløyve innan Hardangervidda nasjonalpark, melding frå TUV der ein vart oppmoda til å gjere seg ferdig med all transport innan utgangen av påsken (18.04.22).

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre sine fjellstyrehytter vert stengt for utleige fom. dags dato, til og med 10. juni 2022. I tillegg vil hyttene vere stengt for utleige i perioden fom. 15. oktober 2022 tom. 10. juni 2023.

Med utleige meinast ikkje nødvendig bruk ifm nødvendig transport, reovering eller vedlikehald. Røde kors kan nytte hyttene i samband med deira aktivitetar/aksjonar i fjellet. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.

Referat:

Kort diskusjon rundt saka. Fjellstyret er samde om at «unødig ferdsel» i samband med fjellstyrehyttene ikkje kan vera eit reelt problem.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre sitt bidrag til felles dugnad/innsats for villreinen sitt beste vert i denne omgang å stenge sine fjellstyrehytter for utleige fom. dags dato, til og med 10. juni 2022. I tillegg vil hyttene vere stengt for utleige i perioden fom. 15. oktober 2022 tom. 10. juni 2023.

Med utleige meinast ikkje nødvendig bruk ifm nødvendig transport, reovering eller vedlikehald. Røde kors kan nytte hyttene i samband med deira aktivitetar/aksjonar i fjellet. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.

Sak 17/22: Fiskekultiveringstiltak

Saksdokument:

Utkast til driftsplan rev2

Saksutgreiing

Tor Helge var den 18.02.22 i møte med Statsforvaltaren i Vestland angående arbeidet med Driftsplan for fiske i nasjonalparken. Inntrykket etter møtet var at det nok vil vera mogleg for fjellstyret å setje ut fisk i eit utval av vatna framover. Statsforvaltaren ynskjer at fjellstyret skal

forplikte seg til å avslutte fiskeutsetjing i nokre vatn. På same måte, vil det vera forpliktande også for Statsforvaltaren å fortsetje å gje løyver til fiskeutsetting, når dei godkjenner driftsplanen vår.

Det vert i driftsplanen foreslått fleire kultiveringstiltak, avhengig av kva vatn ein skal kultivera. Det er framlegg til nye fiskereglar, som no føl anbefalingane gjevne, til dømes etter prøvefiska. Skal desse innførast effektivt allereie frå og med noverande sesong, må ein ta avgjersla om dette før vintersesongen er over.

Tor Helge meiner at fjellstyret i denne omgong skal gjere følgjande kultiveringstiltak:

- Innkjøp av fleire småmaska garn til Hedlevassfjellet. Gjerne også slik at hytteeigarane kan ha dette «heime hjå seg».
- Innkjøp av garn også med større maskevidde til alle hyttene. Sørge for at det til dømes på Ninive er tilgjengeleg rett type fiskegarn.
- Tillate alle brukar initiativ mtp oppfisking. Fjellstyret må i så tilfelle vurdere å ta kostanden med transport og liknande.
- Vurdere eigne tiltak i Øvre Hedlevatn. Kvifor ikkje tilby oppfisking som sommarjobb til ungdom?
- Vurdere innkjøp av påhengsmotor til båt i Nedre Hedlevatn og Holmavatnet.
- Vurdere innkjøp av oppblåsbar gummibåt til bruk i vatn utan fjellstyrebåt.
- Gjennomføring av prøvefiske også i vatn i Hedlevassfjellet. Skurevatnet er viktig. Kanskje også Ostanuttjødna og Tangensjøen.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat

Dugnad i samband med bygging av båtopplag ved Stora Uravatnet er organisert. I etterkant av møteinnkallinga vart sendt fann ein endeleg ein leverandør av båtlunner. For å spara båtane ytterlegare, meiner Tor Helge fjellstyret bør gå til innkjøp av slike til båt i Uravatnet og Nedre Hedlevatn. (Pris ei lunne med 3 ekstra trinn kostar 2399 kr + 375 i frakt per stykk).

Vedtak

Fjellstyret går til innkjøp av:

- fiskegarn til fjellstyrehyttene som vil vera lovlege å bruka i rundtliggane vatn.
- gummibåt til Gamlabua til bruk ved garnfiske.
- 2 stykk båtlunner

Tor Helg planlegg og legg til rette for gjennomføring av prøvefiske i Hedlevassområdet komande sommar.

Sak 18/22: Avklaring – forvaltning av Breifonn statsallmenning

Saksdokument:

2021.03.27 INN - Statskog mailkorrespondanse forvaltning Breifonn SA

2022.03.11 UT – Ullensvang FS - Avklaring forvaltning Breifonn SA

2022.03.11 UT – Suldal FS - Avklaring forvaltning Breifonn SA

NOU 18:11 – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-11/id2605120/?ch=11>

Saksutgreiing

Det vart i fjor stilt nokre spørsmål frå underteikna angående forvaltninga av Breifonn SA. Ein fekk då fylgjande tilbakemelding frå Norges Fjellstyre Samband (NFS):

«Det ser i flg NFS ut til at Breifonn ikkje vart handsama av Høgfjellskommisjonen. Rettighetstilhøva er derfor ikkje avklara. Dersom Røldølene ynskjer rettar her må dette krevjast og kunne dokumenterast gjennom langvarig bruk og nytte. Slik det er no kan ikkje Breifonn brukast som areal for jakt og fiske på lik line med Røldal SA.»

Då ein i papira til Høgfjellskommisjonen fann at «Breifonn med omgivelser» vart handsama i lag med området rundt Kaldevatnet, vart det vidare sjekka opp med Statskog. Dei kom med fylgjande tilbakemelding:

«Til Røldal Fjellstyre

Vedrørende din henvendelse om forvaltning av jaktrettigheter innenfor Breifonn statsallmenning innenfor Ullensvang kommune. I våre lister så er arealene koblet til de kommunene de ligger i. Det vil si at den delen som ligger i Suldal kommune kobles til Suldal fjellstyre. Når det gjelder den delen som ligger i nye Ullensvang kommune (tidligere Odda kommune og før der igjen Røldal kommune), så vil det være naturlig at Røldal Fjellstyre skal forvalte dette området. Det er kommunene som må avklare dette og en eventuell uenighet mellom fjellstyrene må mest sannsynlig avgjøres av domstolene.

Kopi til Suldal Fjellstyre»

Vidare la «Utvalet for forvaltninga av statsallmenningane» fram si utgreiing til ny fjellov 22. juni i 2018 (NOU 18:11). Der vert Breifonn Statsallmenning lagt under Odda fjellstyre.

Tor Helge har vidare sjekka med Magnus Solbakken, som stadfestar at det i alle fall ikkje dei siste 60 åra har vore stilt noko spørsmålsteikn ved at Breifonn SA ligg under Røldal fjellstyre sitt forvaltningsansvar. Dette underbyggjer han ved at det i «alle år» har vorte jakta i Breifonna på fellingsløyver utskrevet til Røldal fjellstyre. Solbakken gjer eit ytterlegare poeng av at det fyrst var om lag rundt 1960 at reinsjakta på Røldal statsallmenning vart stykka opp og fordelt i to villreinområder. Antalet jegerar som kunne nytte Breifonn statsallmenning var før denne inndelinga betydeleg større. Dette medførte nok truleg også at bruken av området då også var større. Solbakken hevdar soleis at Breifonn statsallmenning utvilsamt har vorte forvalta av Røldal fjellstyre i alle år, noko også den historiske bruken av området visar. Denne bruken vert vidare underbygd av innstillinga til villreinnemnda angående nye jaktvald, visst i sak 19/22.

Då det likavel visar seg at det for utanforståande kan vera noko uvisse rundt kven som har forvaltningsansvaret for Breifonn statsallmenning, meiner Tor Helge at ein bør rydde opp i dette snarast mogleg. Spesielt er det bekymringsverdig at det står feil i NOU 18:11. Utgreiinga endar nok til politisk handsaming ein gong i løpet av dei neste åra. Fjellstyret bør sørgje for å rette opp i dette før då.

Tor Helge har soleis sendt førespurnad til Ullensvang FS og Suldal FS, for å høyre kva deira tankar rundt dette er.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre hevdar at forvaltninga av Breifonn statsallmenning, og tilhøyrande rettigheitar, er fordelt slik at Røldal fjellstyre forvaltar den delen av Breifonn statsallmenning som ligg i Ullensvang kommune (tidlegare Røldal kommune). Vidare forvaltar Suldal fjellstyre den delen av Breifonn statsallmenning som ligg i Suldal kommune.

Referat

Leiar orienterer kort om saka. Eit samla fjellstyret er samde i påstanden i framlegget til vedtak.

Vedtak

Røldal fjellstyre hevdar at forvaltninga av Breifonn statsallmenning, og tilhøyrande rettigheitar, er fordelt slik at Røldal fjellstyre forvaltar den delen av Breifonn statsallmenning som ligg i Ullensvang kommune (tidlegare Røldal kommune). Vidare forvaltar Suldal fjellstyre den delen av Breifonn statsallmenning som ligg i Suldal kommune.

Samrøystes.

Sak 19/22: Oppdatering og godkjenning vald – Setesdalen Ryfylke

Saksdokument:

2022.03.01 INN - Oppdatering og godkjenning av vald, Setesdal Ryfylke villreinområde. Utkast til saksframlegg for gjennomsyn og innspel

Saksutgreiing:

Frå brev:

Villreinnemnda starta for fleire år tilbake eit arbeid med oppdatering av vald og valdkart. Dette arbeidet er planlagt lagt fram for vedtak i Villreinnemnda i april i år.

Dei gamle data om valda var modne for oppdatering. Etter å ha motteke ny dokumentasjon ser ein at nokre vald får meir eller mindre uendra teljande areal, men mange får ei stor endring. Fleire vald blir og oppdelt. Sentralt er likevel at ein får ei konsekvent praksis i forhold til kva ein reknar som teljande areal.

Sekretariatet legg også opp til å endre alle valdnamn.

Dette er ei omfangsrik sak med mange involverte partar. Saka har også teke sær lang tid.

Sekretariatet velje derfor å sende utkast til saksframlegg til gjennomsyn til valdansvarlege for aktive

vald. I tillegg er saka sendt til Setesdal-Ryfylke villreinlag.

Saka blir sendt:

- for at ein skal ha moglegheit for å retta opp eventuelle feil og manglar. Dersom det handlar om grensejusteringar til eit anna vald, må justeringar stadfestast av alle partar.
- for å melde frå om at ein ønskjer å slå saman vald (må vere samanhengande og bli stadfesta av alle partar)
- andre merknadar

Eventuell merknadar sendast til Villreinnemnda innan 22.mars.

Konsekvensar for Røldal fjellstyre:

- Jaktområdet vårt vert delt opp i to jaktval. Desse får to nye namn.
- Teljande areal vert redusert med om lag 1000 mål, fordelt som visst i tabell under.

2201V0207	Odda 146,6 Røldal Statsallmenning	59800				Område er ikkje samanhengande og er delt opp i to vald
			Ullensvang SR86	49184	Kart 94	
			Ullensvang SR87	9623	Kart 95	

Tor Helge er litt i tvil kva oppdelinga i to jaktval medfører. Slik han forstår «kortutdelingsprinsippa», så er det ein fordel å ha eit større val, enn fleire små. Vert, til dømes, arealet påkrevd for å få ein bukk sett til 10 000 dekar, kan utfallet no verte at fjellstyret akkurat mister ein bukk i kvart av jaktvalda.

Dette føyl frå «Forskrift om forvaltning av hjortevilt»:

§ 29. Fellingstillatelse for villrein

Villreinnemnda tildeler årlig fellingstillatelse for villrein til godkjente vald med et tellende areal som minimum tilsvarer minstearealet. Fellingstillatelsen gjelder innenfor det godkjente valdet.

For hvert vald beregnes antall fellingstillatelse ved å dividere valdets tellende areal med gjeldende minsteareal.

For å «motverke» denne ulempa kan fjellstyret fremma eit forslag om at tidlegare samanhengande vald, som no vert delt som ein del av denne prosessen, framleis skal verte tildelt fellingsløyver basert på det samla arealet av dei nye jaktvald. Det er lite truleg at eit slik innspel vil verte tatt til følgje, då det mest truleg ikkje vil vera i samsvar med forskrifta.

Ei alternativ løysing vil vera å inngå samarbeid med nabovalda, for så opprette jaktfelt innanfor det nye jaktvaldet.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre sender følgjande merknad:

Tidlegare samanhengande vald, som vert oppdelt som ein del av arbeidet med oppdatering av vald og valdkart, skal framleis verte tildelt fellingsløyver basert på det totale samla arealet av dei nye jaktvalda.

Referat

Fjellstyret diskuterar endringa kort, og forstår motivasjonen bak denne. Det vert einigheit om å sende eit innspel for å forsøkje å redusere konsekvensane for fjellstyret.

Vedtak

Røldal fjellstyre sender følgjande merknad:

Tidlegare samanhengande vald, som vert oppdelt som ein del av arbeidet med oppdatering av vald og valdkart, skal framleis verte tildelt fellingsløyver basert på det totale samla arealet av dei nye jaktvalda.

Samrøystes.

Sak 20/22: Oppsummering av småviltjakt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Jaktseasonen 2021-2022				
		Totalt kjøpt 2021-22	Totalt kjøpt 2020-21	Begrensing 2021-22
Innanbygds	Sesong	11	12	15
	Veke	0	2	20
	Dag	9*	26	10 per dag
	Smårovvilt	0	0	n/a
Utanbygds	Sesong	10	15	10
	Veke	20	20	20
	Dag	261**	195	10 per dag
	Smårovvilt	5	13	n/a
	Totalt salg	318	283	
	Vinterjakt:	78***	39	døgn
	Def: Vinterjakt	Frå 01.01 til 28.02		

* Av desse 9 var berre 4 innanbygdsjegerar. 5 feilkjøp.

** 97 av desse vart selt dei 10 fyrste dagane. Utan om dette var det berre utseld 6. nov.

*** Av desse var det seld 10 kort 12. feb, 8 kort 13. feb, 7 kort 27. og 28 feb. Alle andre dagar var det 5 eller færre

Tabellen visar salsdata frå jaktseasonen 2021-2022; frå 01. oktober til 28. februar.

Omlegging på Inatur ser ut til å ha virka, og antalet feilkjøp var svært få samanlikna med 2020. Dette reduserer sjølvsagt arbeidet mykje.

Antal selde løyver denne sesongen er 35 fleire enn året før. Det vert seld 39 fleire løyver i vinterjakta. Kva tenkjer fjellstyret om denne utviklinga?

Ser ein vekk frå dei fyrste 3.5 vekene i oktober, var det berre utseld to dagar. Ytterlegare innskrenkingar vil soleis hatt avgrensa effekt.

Sakshandsamar føreslår at fjellstyret diskuterar følgjande endringar fram til jakta 2022:

- Kva gjer ein i tilfeller der kortkjøperane ikkje får moglegheit til å nytte korta?
- Skal ein opne opp for sal av eit lite tal dagskort også i dei to fyrste vekene?
- Er det rom for å opne for fleire jegerar dei fyrste vekene/dagane i oktober?
- Smårovviltkortet. Avslutta 01.03.22. Burde vore ut revajaktseasonen. Tor Helge har gjeve nokre jegerar løyve til å jakte rev fram til dette.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret fortsett med noverande organisering - to salssider for småviltjakt, ei for innanbygds og ei for utanbygds.

Leiar arbeider med framlegg til sak på neste møte vedrørande organisering for komande sesong.

Referat

Tor Helge kjem med innspel på at fjellstyret bør oppdatere salssidene/heimesida med at ein legg ut løyvene for småviltjakta 2022/2023 på Inatur f.o.m. 01. juni.

Kort gjennomgang av salstal, og erfaringar frå årets gjennomføring og organisering.

Vedtak

Småviltjakta 2022/2023 vert lagt ut for sal på Inatur 01. juni. Fjellstyret styrebehandlar reglar og organisering av jakta på neste styremøte.

Samrøystes.

Sak 21/22: Organisering av søknad til reinsløyver 2022

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Hardangervidda:

Kvoten for 2022 er enno ikkje sett, men innstillinga til villreinutvalet er at kvota, og organiseringa, vert tilnærma lik som i 2021.

For Røldal FS sin del så betyr det at ein får omtrent 329 kort, der halvparten er bukk og halvparten frie dyr. Det føl med kalv på alle korta.

Kvoten har fordelt seg slik dei siste åra (totaltkvote og Røldal SA):

Jaktår	kalver		simle/ungdyr		Valgfrie dyr		Tildelte totalt	
2008	455	19	588	28	381	16	1520	63
2009	454	19	681	28	384	16	1523	63
2010	5	0	15	0	2000	83	2024	83
2011	1507	62	2694	114	731	31	5020	207
2012	1807	74	3310	137	903	37	6020	248
2013	1760	72	3510	144	1755	72	7025	288
2014	910	37	6755	278	1360	56	9025	371
2015	1205	50	5610	230	1205	49	8020	329
2016	6807	280	6805	280	1203	49	14815	609
2017	3907	160	3908	160	2105	86	9920	406
2018	234	9	232	9	1056	43	1522	61
2019	0	0	0	0	6035	247	6035	247
2020	0	0	0	0	4964	206	4984	206
2021	8000	329	0	0	8000	329	8000	329

Uansett vil årets jaktkvote mest sannsynleg føre til overflod av kort og ein vil ikkje kunne forvente at kort vert ettertrakta korkje som bytte mot samjakt eller som salsvare.

For å bli kvitt korta bør derfor fjellstyret prøve å få desse ut til eigne jegerar.

Røldal FS er også i år i ei særstilling i og med at ein har fått eit regime langs E134 der det ikkje skal vere dyr. Det er omfattande aktivitet i dette området for å hindre dyr i å krysse vegen. Denne aktiviteten kjem til å halde fram både i sommar, haust og neste vinter. Totalt sett vil dette gjere det mindre attraktivt å jakte i området nær E134 som før. Ein må derfor forvente at jegerar vil søkje seg til andre områder for å jakte. Det er då nærliggande å tru at ein vil få ei større opphoping av jegerar både i Hellevass og i området ved Holmavatnet/Reet. Fjellstyret redusert med bakgrunn i dette antalet jegerar i 2021. Det var då 77 jegerar som kjøpte fellingsløyver. Fjellstyret fekk ingen tilbakemeldingar som tilsa at dette var eit for høgt antal jegerar. Vedtaket i fjor var at det skulle maksimum vera 80 jegerar. Fjellstyret må vurdere om dette skal vidareførast.

Røldal FS endra i fjor søknadsfristen til den 2. mai, tilsvarande dei andre fjellstyra. Underteikna fekk ingen negative tilbakemeldingar på dette. Skal ein halde fram med denne dato, må søknadsfristen avgjerast på dette møtet. Tor Helge påstår at det ikkje er særleg mykje mindre arbeid, om noko, å benytte seg av Inatur. Han ynskjer difor å ha ein diskusjon om ein skal gå vekk frå dette.

Sidan det framleis er usikkert med tanke på kvotestorleik og kortfordeling vil sakshandsamar tilrå at det i år vert laga ei kortpakke for kvar jeger som ynskjer jakt. Fjellstyret set makstak på jegerar som kan jakte på Røldal SA og at alle kort så vert fordelte ut på desse jegerane. Ein tilrår då å setje ein fast pris på jakta uavhengig av talet på kort den einskilde får tildelt. Fridyrkort, Vaksen bukk, S/U og kalv skal fordelast rettferdig over alle pakkene med prinsippet om den som står tidleg på trekkingslista får føremoner dersom det må vere ulikt. Underteikna føreslår at ein ikkje skal dele ut meir enn to fellingsløyver per jeger, og heller tilby fleire løyver i etterkant til ein rimeleg sum.

Sakshandsamar ynskjer å understreke at bruk av Inatur ikkje er ynskjeleg frå hans side, då dette medfører for mykje arbeid. Ynskjer fjellstyret å halde fram med denne søknadsmåten, skal dette arbeidet gjerast av andre enn underteikna.

Setesdal/Ryfylke:

Ein innførte i fjor eit poengsystem for jakta på SR. Det innebar at den som søker får 1 poeng for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort misser poenga sine og startar så på null når dei har fått kort. Over skal vil dette sikre at alle som søker jakt får jakte.

Fjellstyret har ikkje fått kvoteinnstillinga for 2022. I 2021 vurderte fjellstyret at ein ikkje kunne sleppe innpå meir enn sju jegerar på området. Det kom tilbakemeldingar på at dette ikkje var nødvendig. Fjellstyret må soleis ta stilling til om ein kan auke antalet i 2022.

Prisar på kortpakker:

Underteikna ynskjer at fjellstyret skal redusere prisrammene noko frå i fjor, men i staden tilby kortpakkar på 2 fellingsløyver til kvar jeger. Kortpakkane vart i fjor seld for kr 3500 til innanbygds, og kr 7000 til utanbygds.

Kortpakkane på syd, vart i fjor prisa forskjellig om ein tok ut 1 eller 2 bukkaløyver.

Pris på reduserte kortpakkar, til dei som har rett på det: 2000,-

Framlegg til vedtak:

Vidareføring av dei generelle retningslinjer ved tildeling av fellingsløyver på villrein på Røldal Statsallmenning.

Gjeldane for Hardangervidda (HA280) og Setesdal/Ryfylke (SE146-6) villreinområde:

I år der ein kan tilby fellingsløyver til alle innanbygdsjegerar før jaktstart:

Det vert halde to trekkingar, ei for Hardangervidda og ei for Setesdal/Ryfylke. I år der alle jegerar får kort kan same jeger få kort både på S/R og Hardangervidda.

I år der det ikkje er nok kort til alle innan jaktstart:

Det vert gjennomført ei trekning. Ein kan ein berre få kort på det eine villreinområdet. Jegerane vel kvar dei ynskjer å ta ut fellingsløyve ut frå trekningslista.

For 2022 - Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. Jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema bør sendast fjellstyret i god tid før jaktstart. Avtaler vert handsama etter høve.
2. Kvar innanbygds-søkar må ta ut ei kortpakke kvar (unntak for enkelte grupper under). Talet på dyr i pakka vil variere både i antal og kategori.
3. Det skal selgjast kort til maksimalt 90 jegerar på Røldal SA i 2022.
4. Eventuelle overskotskort etter tildeling av innanbygds kan selgjast til utanbygds. Utflytte røldøler får førerrett til desse og skal søkje på vanleg innanbygds-skjema eller mail. Tildeling elles som for innanbygds. Utanbygdsbuande jegerar søker på mail direkte til fjellstyret. Informasjon om søknadsfrist og søknadsmåte vert lagt ut på heimesida og facebook, med minst fire vekers søknadsfrist.
5. Jakttida er f.o.m 20. august kl 0700 tom 30. september kl 1900. Det er nattefredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset tidlegare jaktstart vil fjellstyret følgje dette. Dersom jakta vert utvida ut i oktober vil fjellstyret i utgangspunktet følgje dette.
6. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmare reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
7. Fyrstegongsjegerar får tilbod om eitt gratis fritt dyr og ein vaksen bukk. (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i eiga sak). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden.
8. Studentar, uføre/eldre og ektefeller/sambuar vil kunne søkje om å ta ut «halv pakke med dyr». (sjå definisjonar i eiga sak). Jeger må informere om dette på søknaden. Ungdom mellom 18-20 år betalar halv pris «halv pakke».
9. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktlag kan ikkje overførast.

Prisar for kortpakker Hardangervidda:

Innanbygds:	3250,-
Personar omtala i punkt 8:	1800,-
Ungdom mellom 18-20 år:	800,- (då for redusert pakke)

Utanbygds:	6500,-
------------	--------

For å stimulere til høgare fellingstal, kan jegerane verte tildelt fleire fellingsløyver.

Utanbygdsjegerar, som ikkje kan nytte seg av løyvet, kan overføre dette til anna jeger, mot eit administrasjonsgebyr på kr 1 500. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.

Setesdal Ryfylke:

Reglar for tildeling av fellingsløyve.

Ein vidarefører dei to poengsystem for jakt på SR, eit for kortpakkar det det inngår bukk eller fritt-dyr-løyve, og eit for eventuelle andre kortpakkar. Den som søker får 1 poeng (i det aktuelle poengsystemet) for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort misser poenga sine og startar så på null det påfølgjande året. Unntak berre p.g.a. sjukdom (legeattest krevjast).

Fyrstegongssøkerar på Syd vil det fyrste året dei søker verte tildelt ekstra poeng. Etter fyrste søknadsår vert poengsummen deira sett til to færre poeng enn det høgaste antallet poeng på lista.

«Innkøyringsreglar i 2022»

- Jegerar som vart tildelt fellingsløyver i 2020 vil, pga det eldre systemet, ikkje få tilbod om tilsvarande fellingsløyve i 2022. Dvs, fekk ein bukkeløyve i 2020, kan ein ikkje ta ut bukkepakke i 2022, men ein eventuell simlepakke. Dei vil likevel behalde dei opptente poenga om dei søker.

Jaktreglar

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåttefredning. Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Kortpakkar (tilbydd i 2021):

Pakke 1: 2 fritt dyr, 1 simle, 2 kalv	- kr 3500,-
Pakke 2: 2 fritt dyr, 3 kalv	- kr 3500,-
Pakke 3: 1 fritt dyr, 1 simle, 2 kalv	- kr 2500,-

Dersom det vert endringar i tildeling kan pakkane endrast tilsvarande. Leiar har fullmakt.

Søknad om villreinkort, anten på nord eller syd, skal vera sendt fjellstyret innan 26.04.2022.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24.

Referat

Ein går gjennom framlegget til vedtak punkt for punkt, og gjer nødvendige justeringar der det er naudsynt. Søknadsskjema vert godkjent, og vert lagt saman med postkassen på butikken.

Vedtak

Gjeldane for Hardangervidda (HA280) og Setesdal/Ryfylke (SE146-6) villreinområde:

I år der ein kan tilby fellingsløyver til alle innanbygdsjegerar før jaktstart:

Det vert halde to trekkingar, ei for Hardangervidda og ei for Setesdal/Ryfylke. I år der alle jegerar får kort kan same jeger få kort både på S/R og Hardangervidda.

I år der det ikkje er nok kort til alle innan jaktstart:

Det vert gjennomført ei trekning. Ein kan ein berre få kort på det eine villreinområdet. Jegerane vel kvar dei ynskjer å ta ut fellingsløyve ut frå trekningslista.

I 2022 opnar fjellstyret for at innanbygdsjegerar kan ta ut kort både på S/R og Hardangervidda villreinområde.

For 2022 - Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. Jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema bør sendast fjellstyret i god tid før jaktstart. Avtaler vert handsama etter høve.
2. Kvar innanbygds-søkar må ta ut ei kortpakke kvar (unntak for enkelte grupper under). Talet på dyr i pakka vil variere både i antal og kategori.
3. Det skal selgjast kort til inntil 85 jegerar på Røldal SA i 2022.
4. Eventuelle overskotskort etter tildeling av innanbygds kan selgjast til utanbygds. Utflytte røldøler får førerrett til desse og skal søkje på vanleg innanbygds skjema eller mail. Tildeling elles som for innanbygds. Utanbygdsbuande jegerar søkjer på mail direkte til fjellstyret. Informasjon om søknadsfrist og søknadsmåte vert lagt ut på heimesida og facebook, med søknadsfrist 26. april
5. Jakttida er f.o.m 20. august kl 0700 tom 30. september kl 1900. Det er nattefredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset tidlegare jaktstart vil fjellstyret følgje dette. Dersom jakta vert utvida ut i oktober vil fjellstyret i utgangspunktet følgje dette.
6. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmare reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
7. Fyrstegongsjegerar får tilbod om eitt gratis fritt dyr og ein vaksen bukk. (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i eiga sak). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden.
8. Studentar, uføre/eldre og ektefeller/sambuar vil kunne søkje om å ta ut «halv pakke med dyr». (sjå definisjonar i eiga sak). Jeger må informere om dette på søknaden. Ungdom mellom 18-20 år betalar halv pris «halv pakke».
9. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktlag kan ikkje overførast.

Prisar for kortpakker Hardangervidda:

Innanbygds:	3250,-
Personar omtala i punkt 8:	1800,-
Ungdom mellom 18-20 år:	900,- (då for redusert pakke)

Utanbygds: 6500,-

For å stimulere til høgare fellingsstal, kan jegerane verte tildelt fleire fellingsløyver. Jegerane betaler ikkje noko ekstra for ekstraløyvene. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.

Utanbygdsjegerar, som ikkje kan nytte seg av løyvet, kan overføre dette til anna jeger, mot eit administrasjonsgebyr på kr 1 500. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.

Setesdal Ryfylke:

Reglar for tildeling av fellingsløyve.

Ein vidarefører dei to poengsystem for jakt på SR, eit for kortpakkar det det inngår bukk eller fritt-dyr-løyve, og eit for eventuelle andre kortpakkar. Den som søker får 1 poeng (i det aktuelle poengsystemet) for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort misser poenga sine og startar så på null det påfølgjande året. Unntak berre p.g.a. sjukdom (legeattest krevjast).

Fyrstegongssøkerar på Syd vil det fyrste året dei søker verte tildelt ekstra poeng. Etter fyrste søknadsår vert poengsummen deira sett til to færre poeng enn det høgaste antallet poeng på lista.

«Innkøyringsreglar i 2022»

- Jegerar som vart tildelt fellingsløyver i 2020 vil, pga det eldre systemet, ikkje få tilbod om tilsvarande fellingsløyve i 2022. Dvs, fekk ein bukkeløyve i 2020, kan ein ikkje ta ut bukkepakke i 2022, men ein eventuell simplepakke. Dei vil likevel behalde dei opptente poenga om dei søker.

Jaktreglar

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåttefredning. Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Kortpakkar (tilbydd i 2022):

Pakke med minimum 1 fritt dyr - kr 2500,-

(Eventuelle andre løyver vert lagt til i pakkane i henhold til trekningslista.)

Dersom det vert endringar i tildeling kan pakkane endrast tilsvarande. Leiar har fullmakt.

Søknad om villreinkort, anten på nord eller syd, skal vera sendt fjellstyret innan 26.04.2022.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24.

Samrøystes.